

Saksbehandlar: Idar Sagen, Plan- og samfunnsavdelinga
Sak nr.: 12/3125-19

Høyringsuttale til søknad og konsekvensutgreiing for Gjengedal kraftverk i Gloppen kommune og ny 132 kV kraftlinje frå kraftverket til Storebru eller Agledal i Flora kommune

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune vurderer fordelane ved Gjengedal kraftverk til å vere større enn ulempene for allmenne og private interesser, og rår til at konsesjon vert gitt. Fylkeskommunen støttar søkjaren si prioritering av alternative løysingar.
2. Fylkeskommunen meiner at den nye 132 kV linja med tilhøyrande anlegg er nødvendige og fornuftige tiltak, og har ikkje merknader til dei overordna vurderingane og konklusjonane som er gjort i søknaden. Fylkeskommunen støttar søkjaren si prioritering av alternative linjetrasear, trafostasjonar og koplingsstasjonar.
3. Fylkeskommunen viser til Gloppen kommune sin uttale om utjamning av nettkostnader og støttar den.

Saksutgreiing for ny 132 kV kraftlinje ligg under eiga a-sak:

12/3125 nr. 20: Saksutgreiing for ny 132 kV kraftlinje mellom Gjengedal i Gloppen kommune og Storebru/Agledal i Flora kommune.

Vedlegg:

1. Brev frå NVE 03.02.2014.
2. Gjengedal kraftverk, brosjyre
3. Uttale frå Gloppen kommune (kraftverket og kraftlinja), komm.st. 07.04.2014, sak 25/14.
4. Kopi av brev frå Gloppen kommune til Olje – og energidepartementet om utjamning av nettkostnader (jf. vedtak i kommunestyret 07.04.2014, sak 26/14).
5. **Uttale frå Flora kommune, bystyret 03.06.2014 (kraftlinja)**

Andre dokument som ikkje ligg ved:

1. Gjengedal kraftverk. Konsesjonssøknad med konsekvensutgreiing. November 2013.
2. 132 kV kraftledning Gjengedal – Storebru/Agledal. Søknad om konsesjon, ekspropriasjonsløyve og førehandstiltreding. Januar 2014.

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Frå NVE har fylkeskommunen fått til uttale søknad og konsekvensutgreiing for bygging av Gjengedal kraftverk i Gloppen kommune. I høyringsbrevet er det også bedt om uttale til ei ny 132 kV linje frå kraftverket til Storebru eller Agledal i Flora kommune. Tiltakshavarar er SFE Produksjon AS for kraftverket og SFE Nett AS for kraftlinja. Frist for uttale er sett til 10.05.2014. Fylkeskommunen har fått utsett frist til 16.05.2014.

Det er søkt om å utnytte vassfallet mellom Dalevatnet (kote 447) og foten av Gjengedalsfossen (kote 151) til kraftproduksjon. Det er lagt fram to alternativ. Begge alternativa har same plassering av inntak med vassveg og kraftstasjon i fjell. Alternativ 1 er basert på regulering av Dalevatnet og Storevatnet innanfor naturleg vasstandsvariasjon. Alternativ 2 omfattar regulering av berre

Dalevatnet innanfor naturleg vasstandsvariasjon. Alternativ 1 vil gje ein årsproduksjon på 152 GWh og alt. 2 tilsvarande 146,6 GWh. Utbyggingsprisen vert 3,5 og 3,6 kr/kWh for dei to løysingane. Naturleg vasstandsvariasjon er bestemt til 0,7 m for Storevatnet og 0,9 m for Dalevatnet. Det er lagt fram to variantar for tilkomsttunnel til kraftstasjonen.

Det er lagt opp til m.a. slike avbøtande tiltak: installasjon av omløpsventil for å motverke negative konsekvensar for anadrom fisk nedstraums utløpet frå kraftverket, lage til gyteområde for anadrom fisk i avløpskanalen og restriksjonar på magasinmanøvrering for å motverke negative konsekvensar for storlom i hekketida.

SFE søker primært om alternativ 1, dvs. med regulering av både Storevatnet og Dalevatnet, og med inntak i Dalevatnet. Grunngevinga er at denne løysinga vil gje størst kraftproduksjon, samtidig som konsekvensane for miljø, naturressursar og samfunn er vurdert som akseptable.

Kraftlinjeprosjektet omfattar bygging av 28 km ny 132 kV linje mellom Gjengedal i Gloppen kommune og Storebru/Agledal i Flora kommune. Det skal rivast 9 km 66 kV linje mellom Sagefossen og Storebru, slik at netto auke i ny kraftlinje på spenningsnivå 66-132 kV vert om lag 19 km. Tiltaket omfattar fleire trafostasjonar og koplingsanlegg og ein ca. 1 km ny 132 kV jordkabel ut i dagen frå det planlagde Gjengedal kraftverk i fjell.

Det er utarbeidd ei separat saksutgreiing for linjeprosjektet (a-sak 12/3125 nr 20). Konklusjon og framlegg til vedtak er med i det føreliggande saksframlegget.

Gloppen kommune rår til begge søknadene, og peiker m.a. på at tunnelmassane representerer verdiar som må kunne nyttast av grunneigarar og andre, at massane må leggjast slik at dei visuelle ulempene blir små, at linjeføringa for den nye kraftlinja vert gjort i samarbeid med grunneigarane slik at utbygger tek maksimalt omsyn til arealmessig negative konsekvensar og visuell utforming. Kommunen ber om forhandlingar med søkjaren om utbyggingsavtale og konsesjonsvilkår med tanke på erstatning for verknadene av naturinngrepa. Kommunen ønskjer at det skal opprettast eit næringsfond på 20 mill. kroner til disposisjon for kommunen. Kommunen har i ein eigen uttale sett fram krav om at det vert innført ordningar for utjamning av nettkostnader i område med stort potensiale for fornybar energi.

Flora kommune (kraftlinja)

Fylkesrådmannen vurderer fordelane ved Gjengedal kraftverk til å vere større enn ulempene for allmenne og private interesser, og rår til at konsesjon vert gitt. Fylkesrådmannen støttar søkjaren si prioritering av alternative løysingar og forslaga om avbøtande tiltak. Fylkesrådmannen meiner at den nye 132 kV linja med tilhøyrande anlegg er nødvendige og fornuftige tiltak og har ikkje merknader til dei overordna vurderingane og konklusjonane som er gjort i søknaden. Fylkesrådmannen støttar søkjaren si prioritering av alternative linjetrasear, trafostasjonar og koplingsstasjonar. Fylkesrådmannen viser til Gloppen kommune sin uttale om utjamning av nettkostnar og støttar den på generelt grunnlag.

2. Bakgrunn for saka

Uttale til melding om saka i juni 2012.

Fylkeskommunen uttalte seg til melding med forslag til utgreiingsprogram for Gjengedal kraftverk og ny 132 kV kraftlinje Gjengedal – Storebru i møte 27.06.2012, FU-sak 89/12 der det vart gjort slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner at meldinga med framlegg til utgreiingsprogram for Gjengedal kraftverk og 132 kV kraftlinje Gjengedal – Storebru er eit viktig grunnlag for seinare framlegging av konsesjonssøknad.
2. Det vert vist til innspel/opplysningar nemnde i saksutgreiinga.

I saksutgreiinga var det sagt m.a. dette:

Automatisk freda kulturminne:

Kulturavdelinga meiner det må gjennomførast kulturminneregistrering i alle areal som vert påverka av inngrep og meiner at tiltakshavar si undersøkingsplikta etter § 9 i Lov om kulturminne må oppfyllest som del av konsekvensutgreiinga. Det er etablert kontakt mellom tiltakshavar og Kulturavdelinga for gjennomføring av kulturminneregistreringa i inneverande feltsesong. På den måten vil det vere moeleg å gjere naudsynte justeringar i høve registrerte kulturminne før konsesjonssøknaden vert handsama. Dette vil også gje eit godt grunnlag for dei kulturminne-faglege vurderingane som vert lagt til grunn for eit eventuelt konsesjonsvedtak.

Alle registrerte automatisk freda kulturminne i det aktuelle tiltaksområdet skal merkast på kart. Både visuell og fysisk påverknad av tiltak i høve automatisk freda kulturminne skal gjennomgåast og skildrast.

Det skal gjerast greie for konfliktgrad og sårbarheit til dei registrerte kulturminna. Det skal vidare gjerast greie for avbøtande tiltak som kan minske dei negative verknadane for dei automatisk freda kulturminna.

Kulturminne frå nyare tid:

Kraftverket

Det må registrerast og takast omsyn til viktige kulturlandskapselement og spor etter tidlegare landbruksaktivitet, som bygningsmiljø, stølsvegar, steingardar og bakkemurar med vidare.

Kraftlinja.

Deler av kraftlinja går i eit område med gammalt kulturlandskap og tydeleg spor etter tidlegare landbruksaktivitet. I området vil det vere naturleg å registrerte heile bygningsmiljø og enkeltbygningar av ulike slag. Gamle stølsvegar, steingardar, spesielle anlegg og murar, må registrerast og takast omsyn til som viktige landskapselement og kulturminne. Immaterielle kulturminne, som historier og gamle segn, må registrerast og takast omsyn til som ein viktig del av kulturhistoria.

Friluftsliv, reiseliv

Den planlagde kraftlinja sørover mot Storebru vil gå gjennom område 02 i fylkesatlas: Ramsdalsheia - Blånipa, verdi: regional.

Innlandsfisk

Det er ynskjeleg at gyte- og oppvekstområde knytt til fiskebestanden i Dalevatnet og Storevatnet vert kartlagt. Det bør vurderast i kva grad utbygginga påverkar aktuelle gyte- og oppvekstområde og eventuelt kva dette vil ha å seie for fiskebestanden.

I meldinga vart det omtalt ei utbyggingsløyising med inntak i Storevatnet utan regulering av Dalevatnet. Denne løyisinga er vurdert som uaktuell og er ikkje med i det materialet som no er framlagt. I søknaden er det vurdert fleire linjevariantar enn det som var omtalt i meldinga.

Samla plan for vassdrag

Eit vesentleg meir omfattande prosjekt med senking av vatn og fleire overføringar er tidlegare vurdert i Samla plan. Prosjektet ville ha gitt ein produksjon på 215 GWh. Prosjektet var plassert i kategori I, og kunne konsesjonssøkjast.

Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde, sitat s. 22 i søknaden.

Verneområde

Delar av nedbørfeltet og prosjektet ligg innanfor Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. Nordaustre delar av Storevatnet ligg innanfor verneområdet, men i verneforskrifta er det opna for regulering av vatnet dersom det blir gjeve konsesjon til kraftutbygging etter vassdragsreguleringslova. Det vil då bli stilt følgjande krav: *"Vasstanden må liggje innanfor øvre og nedre naturlege nivå."*



Ålfotbreen og Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. Gjengedal er markert med pil.

Regional plan med tema knytt til vasskraftutbygging, fylkestinget des. 2012.

Planen gjeld generelt i høve til vasskraftutbygging, men er spesielt innretta i høve til småkraftverk med installasjon frå 1 MW og oppover til 10 MW. I planen er det definert og markert fjordlandskap i heile fylket. Dette gjeld fjordar og innsjøar over 7 km².

I delområdet Gloppen- Stryn er det markert 31 fossar/stryk som er eller har vore viktige landskapselement. Gjengdalsfossen er ikkje mellom desse.

I planen er det retningslinjer for korleis ulike arealinteresser skal handterast i høve til vasskraftutbygging. Til friluftsliv er det knytt slike retningslinjer:

Nr. 15: Nasjonale friluftsområde som har få eller ingen menneskelege inngrep skal ha 1. prioritet.

Nr. 16: Regionale friluftsområde som har få eller ingen menneskelege inngrep skal ha 2. prioritet.

I planen er det markert område med nasjonal verdi for friluftsinnteresser som dekker Storevatnet , Gjengedalstølen, Dalevatnet og nedover til Dalheim. Deler av tiltaksområdet ligg innafør det markerte området. I tiltaksområdet er det frå før bygt vegar og hytter, og det har difor ikkje karakter av «få eller ingen menneskelege inngrep». I Dalelia hyttefelt er det i underkant av 20 hytter.


I fylkeskommunen sine merknader til meldinga (juni 2012) er det peika på at den planlagde kraftlinja sørover mot Storebru vil gå gjennom område 02 i fylkesatlas: Ramsdalsheia - Blånipa, verdi: regional. Den noverande 66 kV linja mellom Sagefossen og Storebru går gjennom dette området, og det er difor ikkje fritt for tidlegare inngrep. Linjeparsell D-1 av ny 132 kV linje, som søkjaren prioriterer, er lagt parallelt med 66 kV linja. Den skal rivast når det nye anlegget er ferdig.

Vassforskrifta

Vassdraget ligg i Nordfjord vassområde i vassregion Sogn og Fjordane. Planprogrammet for området er godkjent og omtalar arbeidet og planprosessen fram mot godkjent forvaltningsplan for vassregionen i 2015. Gjennomføring av forvaltningsplanen skal skje i perioden 2016 – 2021.

3. Tiltaksområdet og det planlagde tiltaket

Øvre deler av vassdraget er fjellområde med toppar opp mot 1500 moh. I nedre deler er det spreidd busetnad, gardsbruk, stølsvegar og stølar. Gjengedalstølen, ca. kote 500, ligg på nordsida av Storevatnet. Det er bygt veg opp. Mellom Storevatnet og Dalevatnet ligg det eit hyttefelt med om lag 20 hytter. Frå Dalevatnet renn elva ned Gjengedalen og vidare gjennom Ommedalen til utløpet i Hyenfjorden. Lokalt blir elva kalla Slettelva/ Aastøyselva frå utløpet av Dalevatnet til samløpet med Støyselva ved Dalheim. Etter dette blir den kalla Gjengedalselva til foten av Gjengedalsfossen. Frå fossen til Ommedalsvatnet heiter den Ommedalselva, og vidare Aaelva frå vatnet til fjorden. Gjengedalsfossen, kote 155, er det naturlege vandringshinderet for laks og sjøaure i vassdraget. Strekninga frå foten av fossen til fjorden er 8,7 km.



Nedbørsfeltet til Storevatnet og Dalevatnet med fiolett dekkfarge. Nedbørsfeltet til Støyselva med blå dekkfarge.

Hovuddata for tiltaket: Gjengedal kraftverk

Tilsig	Alt. 1	Alt 2.
Nedbørsfelt inkl. overføringar, km ²	82,4	
Middelvassføring ink. overføringar m ³ /sek	7,64	
Alminneleg lågvassføring inkl. overf. l/sek	380	
Fem-persentil* sommar (mai-sept.), Gjengedalsfossen liter/sek	2410	

Fem-persentil* vinter, Gjengedalsfossen, liter/sek	500	
Fem-persentil* sommar (mai-sept.), Støyselva, liter/sek	230	
Fem-persentil* vinter, Støyselva, liter/sek	30	
Kraftverk		
Inntak, moh	477	
Turbinsenter/avløp, moh	151	
Brutto fallhøgde, meter	326	
Slukeevne, maks, m3/sek	18,4	
Slukeevne, min, m3/sek	0,5	
Installert effekt, maks, MW	51	
Minstevassføring frå inntaket, sommar/vinter i liter/sek.		
Brukstid, timar	3000	2900
Magasin		
Dalevatnet: HRV og LRV	477,5/476,6	477,5/476,6
Storevatnet: HRV og LRV	484,5/483,8	
Produksjon		
Årleg middel.	152,8	147,4
Økonomi		
Utbyggingskostnad	535	531
Utbyggingspris**	3,5	3,6

* Den vassføringa som blir underskriden 5 % av tida.

For begge utbyggingsalternativa skal vatn frå Støyselva frå inntak på kote 445 førast inn på driftstunnelen frå Dalevatnet via ei vertikal sjakt og pumpe. Energibruken i pumpa, 0,8 GWh, er trekt frå i produksjonstala. Ved inntaket i Støyselva skal det byggast ein terskel i betong.




Støyselva: Inntaksområdet.



Foss nedanfor inntaket i Støyselva.

Alt. 1 omfattar regulering av Dalevatnet og Storevatnet innafor naturleg vasstandsvariasjon. Alternativ 2: berre regulering av Dalevatnet. Magasinvolumet vert 2,1 mill. m3 for Storevatnet og 0,6 mill.m3 for Dalevatnet. Reguleringa vil ikkje innebere ekstra neddemt eller tørrlagt areal.



Gjengedal kraftverk. Viser i prinsippet begge alternativa og begge løysingane for tilkomsttunnel.



Visualisert terskel ved utløpet frå Storevatnet.



Elva mellom Storevatnet og Dalevatnet

Ved utløpet frå Dalevatnet skal det for begge alternativa byggast ein ca. 70 m lang overløpsterskel i betong med HRV på kote 477,5. For alt. 1 skal det i tillegg byggast ein 45 m lang overløpsterskel ved utløpet frå Storevatnet, HRV på kote 484,5. Det skal sleppast minstevassføring gjennom luker i tersklane.

Inntaket vert likt for begge alternativa og utforma som overflateinntak i ei bukt vest i Dalevatnet. Frå tunnelen vil det bli sprengt ei sjakt og over sjakta vil det bli bygt eit lukehus. Ved inntaket vert det eit riggområde, ca. 500 m², som skal nyttast både til bygging av inntak og terskel. Vassvegen vert lik for begge alternativa, 5,8 km i tunnel. Det er to variantar for påhogg for tilkomsttunnelen til kraftstasjonen i fjell. Variant A med portal på kote 198 og tunnallengde 842 meter skal drivast på synk til kraftstasjonen på kote 155. Søkjaren prioriterer denne løysinga. Variant B får påhogg lenger vest på kote 145. Tunnelen med lengde 1260 meter skal her drivast på stigning til kraftstasjonen. Alternativ B svarar til planlagt tilkomst-tunnel i meldinga. Utløpstunnelen skal drivast frå kraftstasjonen og den vil leie ut vatnet i ein høl på kote 151 nedanfor Gjengedalsfossen. For arbeidet med vassvegen skal det lagast til to riggområde, eitt ved påhogget for tilkomst-tunnelen og eitt ved påhogget for tverrslaget (500 m langt) ved Dalheim. Det skal drivast tunnel til begge sider frå tverrslaget.


Vegen frå Hyen og opp til Gjengedalsstølen har varierende standard og det må gjerast nokre utbetringar, spesielt oppover Gjengedalen. Ved Dalheim må det byggast 1,3 km ny, permanent veg fram til planlagt tverrslag for driftstunnelen og vidare til inntaket i Støylselva. For begge løysingane må det byggast ein ca. 550 m permanent veg langs vestsida av Dalevatnet og fram til

terskelen i Dalevatnet. Alternativ 1 omfattar også bygging av ca. 100 meter veg til terskelen i Storevatnet. For tilkomsttunnel alt. A er det planlagt ei omlagging av eksisterande veg ved påhogget til tunnelen. På sørsida av vegen vil det bli lagt eit deponi og ca. 120 meter av vegen vil bli flytta ut på dette. Det vil bli parkering og utsiktsplass på deponiet/fyllinga.


Utkøyrde tunnelmassar vil bli om lag 285 000 m³ for tilkomstalt. A og 305 000 m³ for alt B. Det er planlagt tre større deponiområde: Dalheim 50 000 m³ fordelt på 30 dekar, Klype: 180 000 m³ fordelt på 20 dekar og 35 000 eller 55 000 m³ fordelt på 9 dekar ved tilkomsttunnel alt. A eller B.

Det er vurdert ei utbygging utan overføring av Støylselva, elles som alt. 1. Utbyggingskostnaden er berekna til om lag 522 mill. kr. med tilkomsttunnel alt. A. Årleg middelproduksjon vert 140 GWh. Søkjaren vurderer den økonomiske fordelten ved å ta inn Støylselva på vassvegen som større enn dei miljømessige konsekvensane. Alternativet utan Støylselva er difor ikkje konsesjonssøkt.

Det er også vurdert ei utbygging med utløp ovanfor Gjengedalsfossen. Utanom plassering av kraftstasjon og utløp, er alternativet tilsvarande som alternativ 1. Alternativet har utløpet på kote 216, og utnyttar dermed eit fall på 261 m. Utbyggingskostnaden for alternativet vil bli ca. 520 mill. NOK, og årleg middelproduksjon 122 GWh. Den økonomiske fordelten er vurdert som større enn dei miljømessige konsekvensane. Alternativet er difor ikkje konsesjonssøkt.



Brun strek er veg frå Dalheim til påhogg for tverrslag og inntak frå Støylselva. Deponi er markert med fiolett farge.



Deponi ved Klype, ved alt A og B for tilkomsttunnel og ved avløpstunnel er vist med fiolett farge.

4. Verknader for miljø, naturressursar og samfunn (frå søknaden)

Hydrologi

Tabellen nedanfor viser planlagt minstevassføring under alt. 1. frå terskelen i Storevatnet, frå terskelen i Dalevatnet og frå inntaket i Støylselva. Tabellen viser tal for minstevassføring på toppen av Gjengedalsfossen basert på berekna 5-perstilverdiar ut frå målestasjonar ved Gjengedal og Ommedalsvatn. Tala for Gjengedal er vekta 20% og tilsvarande for Ommedal 80%. Utan minstevassføring ville produksjonen ha auka frå 152 GWh til 168 GWh. I søknaden er det også vist produksjonstal ved større minstevassføring.

Tabell 3-4 Planlagd minstevassføring.

	Inntak i Støylselva	Terskel i Dalevatnet	Terskel i Storevatnet (alt. 1)	Topp Gjengedalsfossen
Minstevassføring, sommar (m ³ /s)	0,23	1,00	1,94	2,41
Minstevassføring, vinter (m ³ /s)	0,029	0,27	0,22	0,50

Tal dagar med vassføring større enn kraftverket si slukeevne er berekna til 37 for eit middels vått år. Restfeltet mellom dei to planlagde inntaka og utløpet frå kraftstasjonen vil gje ei middelvassføring på 1,4 m³/sek.



Gjengedalsfossen. Venstre ca. 4 m³/sek 17.10.2012. Til høgre ca. 11 m³/sek 10.08.2012.

Flaumar

Dei ti største flaumane som er observerte i Storevatnet er i storleik 42 til 61 m³/sek. Kraftverket er dimensjonert med maksimal slukeevne på 18,4 m³/sek som er ca. 250% av middelvassføringa i Dalevatnet og Støylselva (7,64 m³/sek). Dei planlagde tersklane skal utformast slik at dei ikkje fører til høgare vasstand enn ved natureleg situasjon. Utbygginga vil bety reduserte flaumtoppar tilsvarande slukeevna til kraftverket. Konsekvens: Liten positiv konsekvens for flaum.

Vasstemperatur, isforhold, lokalklima og grunnvatn.

Konsekvens: Det er venta ubetydeleg konsekvens.

Erosjon og sedimenttransport, sitat side 42 i søknaden.

I anleggsperioden kan det spesielt i samband med driving av tunnelane bli auka transport av finstoff. For å unngå at dette finstoffet lekk ut til i vassdraget, skal det etablerast sedimentasjonsbasseng. Massane som blir samla opp i bassenga vil bli deponert slik at avrenninga ikkje går til vassdraget. Endringane i vassføringstilhøva vil ikkje endrast mykje. Det er derfor venta små endringar i sediment- og massetransport i driftsfasen. Storevatnet og Dalevatnet skal regulerast innanfor natureleg vasstandsvariasjon. Reguleringa er lita og svarer til natureleg situasjon. På bakgrunn av dette er det ikkje venta auka erosjon i strandsona i driftsfasen. Tiltaket er venta å få ubetydeleg konsekvens for erosjon og sedimenttransport

Skred, sitat s. 45 i søknaden

Det bør vurderast om det må utførast rassikring på vegen frå kryssing av Ommedalselva til Gjengedal, då denne vil bli nytta i anleggsperioden og er avgjerande for tilsyn av anlegget i driftsfasen. Det er registrert både stein- og lausmasseskred langs denne strekninga. (NGU.no). Påhogg til tilkomsttunnel alternativ B ligg i eit skredutsett område. Skred som treff deponiet ved påhogget til tilkomsttunnelen vil kunne føre til at deponiet glir ut mot elva. Det er derfor særleg viktig å sikre området kring påhogget. Påhogget til tilkomsttunnelalternativ A ligg utanfor område som er avmerkte som skredutsette. Det er slake hellingar i terrenget ved vatna der det skal gjerast inngrep. Det er derfor ikkje fare for at anleggsarbeidet skal utløyse skred som kan skape flodbølger i Dalevatnet eller Storevatnet. Tiltaket er venta å få ubetydeleg konsekvens for skred.

Landskap, sitat s. 51-52 i søknaden.

Overlaupsterskelen i Storevatnet vil vere synlig frå vegen nokre stader, men vegetasjon langs vegen vil for det meste hindre sikt. Frå breddene av vatnet, i nærområdet, vil den vera synleg. Den vil òg vere synleg frå båt på vatnet. Frå hyttefeltet vil den derimot ikkje vera synleg. Terskelen vil påverke landskapskarakteren, men berre i eit lite, og forholdsvis avgrensa område. Overlaupsterskelen i Dalevatnet vil berre vere synleg frå nærområda ved vatnet. Terskelen vil ikkje ruve i landskapet og vil påverke landskapskarakteren berre i eit lite område. Lukehuset vil bli bygd i ei skråning utan vegetasjon ovanfor vegen, der det tidlegare har blitt teke ut massar. Lukehuset vil bli godt synleg frå vegen, men sidan det er inngrep i området frå før er det større toleranse for nye inngrep. Det er uansett viktig at lukehuset får eit diskret uttrykk slik at det glir mest mogleg inn i omgjevningane. Reguleringa i begge vatna skal haldast innafor naturlege vasstandsvariasjon. Dette gjer at det for begge alternativa vil gje liten konsekvens med tanke på regulering av vasstanden. Det blir bygd veg inn til terskelen ved Dalevatnet på ca. 500 meter i naturleg terreng. Dette vil bryte med landskapskarakteren, men med god terrengtilpassing vil ikkje inngrepet bli så stort. Vegen til terskelen i Storevatnet blir kort og vil ikkje påverke området i nokon stor grad. Inntaket og massedeponiet ved Støylselva vil bli inngrep i eit naturprega område, men vil ikkje visast på lengre avstand og dermed berre påverke landskapskarakteren i eit avgrensa område. Vassføringa i Støylselva vil etter utbygging bli redusert. Dette vil gi størst utslag ved Dalheim der elva er mest synleg. Vegen til inntaket i Støylselva er det som vil gi størst påverknad på landskapsopplevinga i området. Den vil bli ca. 1 km lang og gå i eit naturprega område utan vesentlege inngrep. Utlauptunnelen nedstrøms Gjengedalsfossen vil ikkje dominere i landskapet og den blir liggje i eit område kor det er vanskeleg å sjå den. Tunnelpåhoggalternativ A med riggområde, veg og massedeponi på nedsida av vegen vil bli godt synlege i landskapet i anleggstida, mens omfanget av påverknad vil minke i driftsfasen etter kvart som det veks til vegetasjon langs vegen og på massedeponiet. Heller ikkje ei omlegging av eit kort stykke av vegen med parkering og utsiktspunkt i dette området vil verke inn på landskapet etter anleggsfasen. Tunnelpåhoggalternativ B, tilkomstvegen dit og massedeponiet på nedsida av vegen vil bli godt synlege i landskapet i anleggstida, mens omfanget av påverknad vil minke i driftsfasen etter kvart som det veks til vegetasjon langs vegen og på massedeponiet. Området er allereie prega av menneskeleg aktivitet med granplanting, busetjing, vegar og kraftlinje. Utlauptunnelen vil berre vere synleg lokalt i gjelet nedstrøms Gjengedalsfossen. Massedeponiet ved Klype vil ikkje gje store konsekvensar då det er planlagt plassere massane slik at dei glir inn i det eksisterande terrenget og å la det vekse til med lokale vekstmassar. Samtidig er det lokalisert i eit område prega av menneskeleg aktivitet. Massedeponi Gjengedal er planlagt i utkanten av kulturlandskapet ved Gjengedal. Tiltaket vil i liten grad verke inn på det heilskaplege gardslandskapet. Gjengedal kraftverk har samla sett middels negativ konsekvens for fagtema landskap. Dette gjeld begge utbyggingsalternativ.

Naturmiljø og naturen sitt mangfald. Konsekvensar er samanstillt i tabellar på side 65 i søkn.

Terrestrisk naturmiljø og biologisk mangfald - status og verddivurdering

Terrestrisk biologisk mangfald	Verdi		Konsekvens	
	Alternativ 1	Alternativ 2	Alternativ 1	Alternativ 2
Verdifulle naturtypar	Middels	Middels	Middels til liten negativ	Middels til liten negativ
Vegetasjonstypar, karplantar, mosar og lav	Middels	Middels	Liten negativ	Liten negativ
Pattedyr	Middels til stor	Middels til stor	Liten til middels negativ	Liten til middels negativ
Fugl	Stor	Stor	Liten negativ	Liten negativ
Sum terrestrisk biologisk mangfald	Middels til stor	Middels til stor	Liten negativ	Liten negativ

Akvatisk naturmiljø og biologisk mangfold - status og verdivurdering

Akvatisk biologisk mangfold	Verdi		Konsekvens	
	Alternativ 1	Alternativ 2	Alternativ 1	Alternativ 2
Fisk	Middels til stor	Middels til stor	Liten negativ	Liten negativ
Ferskvassbiologi	Middels	Liten	Middels til liten negativ	Liten negativ
Sum akvatisk biologisk mangfold	Middels til stor	Middels til stor	Middels til liten negativ	Liten negativ

Kulturminne og kulturmiljø, sitat side 67 -68 i søknaden

Gjengedal kraftverk verker i liten grad inn på kulturminne og kulturmiljø. Eit gammalt vegfar blir kryssa av ny anleggsveg fram til tverrslaget og terskelen i Støylselva. Vidare blir fleire utmarksminne frå nyare tid i grenda Gjengedal fysisk øydelagt i området der tunnelpåhoggalternativ B er planlagt. Også nokre utmarksminne i deponiområdet til påhoggalternativ A blir fysisk øydelagde. Endeleg vil utkanten av bakkelandskapet på Gjengedal bli endra dersom det plasserast eit deponi som planerast til jordbruksmark. Så lenge massane blir lagt som ein naturleg forlenging av, og tilpassa det eksisterande kulturlandskapet, vil deponiet i liten grad verke inn på heilskapen. Gjengedalsstøylen blir ikkje visuelt påverka av regulering innanfor naturleg vasstandsvariasjon i Storevatnet. Ein mogleg steinalderlokalitet blir i ubetydeleg grad visuelt påverka av regulering innanfor naturleg vasstandsvariasjon i Dalevatnet. Alternativ 1 og 2 (både tunnelpåhogg-alternativ A og B) er begge vurdert samla å gje liten negativ konsekvens for kulturminne og kulturmiljø, og jamstillast derfor. Konsekvensgraden er vurdert å være lik for anleggs- og driftsfasen.

Næringsliv og sysselsetting, sitat s. 78 i søknaden

I samband med utbygginga vil det bli gjort anleggsinvesteringar på omlag 535 mill. NOK. I følgje studien frå Øvre Otta (Forberg 2006) fikk lokale entreprenørar ca. 12 % av leveransen. Dersom denne prosenten brukast på alternativa for Gjengedal kraftverk, vil dette kunne gje lokale leveransar på omlag 64 mill. NOK. Ei utbygging av ein slik størrelse vil kunne komme til å sysselsette i gjennomsnitt 80-100 på anlegget. Desse vil i hovudsak vere tunnelarbeidarar, snekkarar, betongarbeidarar og førare av transport- og lastemaskiner. På slutten av anleggsperioden vil anfalltet tunnelarbeidarar bli mindre og montørar av elektromekanisk utstyr auke.

Konsekvens, anleggsfase: middels til stor positiv konsekvens for lokalt næringsliv og sysselsetting.
Konsekvens, driftsfasen: ubetydeleg for lokalt næringsliv og sysselsetting.
Samla sett gje dette ein middels positiv konsekvens for fagtema næringsliv og sysselsetting.

Tenestetilbod og kommunal økonomi, sitat s. 83 i søknaden

Tabell 9-2 Årlige skattar og avgifter (i mill. kr) utan naturressursskatt som går til Gloppen kommune ved utbygging av Gjengedal kraftverk.

Skattar og avgifter	Alternativ 1	Alternativ 2
Eigedomsskatt (driftsperiode)	2,9	2,8
Konsesjonsavgift	0,13	0,07
Konsesjonskraft	0,31	0,28
Sum	3,34	3,15

*Reell skatteauke, frå år 7.

Konsekvens, anleggsfase: liten positiv
Konsekvens, driftsfasen: middels positiv
Samla konsekvens: middels positiv for fagtema tenestetilbod og kommunal økonomi.

Friluftsliv og reiseliv, sitat s. 87 og 88 i søknaden**Delområde 1: Storevatnet og Dalevatnet.**

Konsekvensen av tersklane i Storevatnet og Dalevatn vil ikkje bli store for friluftsliv. Reguleringa i vatna skal haldast innanfor den naturlege vasstandsvariasjonen og dermed blir ikkje dei visuelle kvalitetane påverka. Istilhøva blir ikkje merkbar endra. Det vil derfor ikkje bli problem med overvatn som kan skape problem for skigåing på vatna. Lukehuset vil bli godt synleg frå vegen, og vil saman med dei andre inngrepa vere med å gjere området eit meir utbygd preg. Vegen ned til Storevatnet blir kort og vil ikkje påverke opplevinga i nokon særleg grad. Sidan det allereie går ein veg langs Storevatnet i dag, vil ikkje konsekvensane av inngrepa prege området like mykje som viss det ikkje var nokon tekniske inngrep i området frå før. Tiltaket vil ikkje endre bruksmoglegheita for området. Inngrepa vil truleg heller ikkje gjere området mindre attraktivt for friluftsliv. Forskjellen mellom dei to alternativna er minimale i forhold til friluftsliv, då dei største inngrepa skjer med tanke på vegbygging og lukehus. Tiltaket sitt omfang av påverknad er vurdert til å vere lite negativt. Dette gjer liten negativ konsekvens for begge utbyggingsalternativa.

Delområde 2: Dalheim og Gjengdalen

Konsekvensen for delområde 2 er mest knytt til vegen og massedeponiet ved Støylselva. Ein av stiane i området går rett forbi der kor massedeponiet og vegen opp til dammen vil gå. Det vil gje støy og forstyrring i anleggsperioden for folk som går tur i området. I driftsperioden vil ein ikkje sjå massedeponiet før ein er rett ved på grunn av skog i området. På massedeponi ved tunnelpåhogg alternativ A er det planlagt ei parkering med utsiktspunkt. Dette gjer det mogleg å stoppe på eit smalt parti av vegen gjennom Gjengedal. Dette kan verke positivt for opplevingar i samband med friluftsliv og reiseliv i området. Inngrepa vil ikkje påverke bruken av området i stor grad. Verdien er satt til middels til liten og omfanget av negativ påverknad er lite. Utbygging av Gjengedal kraftverk har liten negativ konsekvens for delområde 2.

Delområde 3: Ommedalselva

Anleggsperioden vil kunne gje støy i samband med sprengingsarbeid og tungtrafikk på nordsida av elva. Vegen ligg eit godt stykke opp i lia ovanfor elva, men anleggsaktiviteten vil likevel kunne påverke opplevinga for fiskarane. Bygging og drift av kraftverket vil ikkje gje konsekvensar for fisken i Ommedalselva (sjå fagrapport naturmiljø). Verdien til området er satt til middels til stor. Omfanget av påverknaden er lite negativt for begge alternativa. Utbygging av Gjengedal kraftverk har liten negativ konsekvens for område 3.

Samla har Gjengedal kraftverk liten negativ konsekvens for friluftsliv og reiseliv.

Sumverknader/samla belastning




Fig 12-1 i søkn. Utbygde og planlagde vasskraftverk i området (NVE Atlas) . Raud ellipse er tiltaksområdet. Svart firkant 1,5 km vest for Gjengedal er Rongkleiv kraftverk. Raud trekant 7,5 km nordover er det omsøkte Aa-Tverrelva kraftv. Svart firkant ved Hyenfjorden er Tjøtaelva kr.v.

Tema der influensområdet har middels eller høgare verdi er omtala og vurdert. Det er vurdert i kor stor grad det aktuelle tema er utsett for press frå tidlegare, og i kor stor grad Gjengedal kraftverk vil auke dette presset. Sitat s. 91 og 92 i søknaden.

Verdifulle naturtypar

Dei mest verdifulle naturtypene i prosjektområdet er bekkeløfta og fossesprøytsone ved Gjengedalsfossen. Sogn og Fjordane fylke er blant dei fylka med flest førekomstar av høge fossar med tilhørande naturtypar. Fleire av disse er meir eller mindre nytta til kraftproduksjon, men mange er og verna gjennom verneplan for vassdrag. I nærområdet til Gjengedalsvassdraget er både Ryggelva, Nausta og Solheimvassdraget verna mot kraftutbygging. Gjengedalsfossen er ikkje blant dei høgaste fossane i området, og den samla belastninga på naturtypen blir ikkje vesentleg forverra ved gjennomføring av prosjektet. Dei andre verdifulle naturtypene som finst i Gjengedal kraftverk sitt influensområde blir berre påverka i liten grad.

Pattedyr (villrein)

Villreinstammen i området er under noko press på grunn av stadig nye tekniske inngrep og auka menneskeleg nærvær i leveområda deira. Kjerneområdet er sikra mot nye inngrep gjennom oppretting av landskapsvernområdet, men i randområda er det bygd fleire hytter og vegar. Kraftutbygging er ein av mange negative faktorar. Delar av Gjengedal kraftverk ligg innanfor beiteområda og vil i så måte gje noko auka belastning for reininstammen, men den reelle påverknaden er liten med unntak av anleggsperioden då byggearbeida vil føre til at reinen ikkje nyttar nærområda

til anleggsobjekta som terskel/dam og lukehus. For hjorten vil kraftverket ikkje føre til nemneverdig økt press med unnatak av sjølve anleggsperioden.

Fugl

Enkelte år hekkar det storlom i både Storevatnet og Dalevatnet. Det er og registrert storlom i fleire vatn i Gloppen kommune og i nabokommunane Bremanger, Naustdal og Stryn. Storlom er kanskje den arten i Noreg som er mest sårbar for endringar i vasstand. Slik reguleringshøgda og manøvreringa av Dalevatnet og Storevatnet er tenkt, vil ikkje storlomen bli nemneverdi påverka av Gjengedal kraftverk med unnatak for anleggsperioden. Utbygginga vil derfor ikkje føre til auka press på arten.

Fisk

I ferskvatn er det laks og sjøaure som er av størst verdi i fylket. Det finst og verdifulle stammar av innlandsaure i nokre vatn i regionen, men ikkje i prosjektområdet. Det er ei rekkje kjende lakse- og sjøaurevassdrag i Nordfjord. Blant dei beste er Strynselva, Oldenelva, Loenvassdraget, Eidselva, Gloppenelva og Åelva/Ommedalselva nedstraums prosjektområdet. Av disse inngår Olden-, Loen- og Strynselva i verneplan for vassdrag, og er derfor godt sikra mot negativ påverknad frå vasskraftproduksjon. Dei mest alvorlege påverknadane på anadrom fisk i denne regionen no, er innblanding av rømt oppdrettslaks og den store mengda lakselus (miljøstatus.no). Bestandssituasjonen for laksestamma i Gjengedalsvassdraget er karakterisert som dårleg på grunn av at mengden gytelaks kan vere for låg i forhold til gytebestandsmålet for elva som er på 48 holaks med ei snittvekt på 4,5 kilo (Hindar m. fl., 2007). Bestandssituasjonen for sjøaure karakteriserast som sårbar. Gjengedal kraftverk vil ha liten konsekvens for anadrom fisk. Dette er i hovudsak i samband med anleggsperioden. Kraftverket vil derfor ikkje medføre nemneverdig auka press på viktige bestandar av ferskvassfisk i regionen.

Landskap

I regionen er dei viktigaste landskapskvalitetane knytt til vassdrag, fjordar og høge fjell. Kulturlandskapet kring busetnadane er og særst viktig for heilskapen. Dei mest alvorlege påverknadane som skjer er omlegging av jordbruket og større naturinngrep som vegar, kraftliner og utbygging av vasskraftverk. Dei største landskapsverdiane i prosjektområdet er kulturlandskapet kring Gjengedal og Mjellheim, i tillegg til stølsområda kring Gjengedalsstøylen og Åstøylen. Støylselva og hovudelva vil få redusert vassføring på prosjektstrekninga. Desse elvane er ikkje godt synlege frå der folk ferdast, og redusert vassføring vil derfor ikkje påverke landskapet i dalen i vesentleg grad. Unntaket frå dette er området ved Åstøylen som ligg ved Slettelva på prosjektstrekninga. Dei verdifulle kulturlandskapa i området blir ikkje påverka i nemneverdig grad av tiltaket. Utbygginga vil derfor ikkje auke presset på landskapet i regionen.

Kulturminne og kulturmiljø

Det har vore busetnad i Austerdalen og ved vatna tilbake til mellomalderen, eller kanskje til jernalder eller steinalder. Dei største verdiane i prosjektområdet er grenda Gjengedal, Åstøylen og Gjengedalsstøylen. Desse områda blir i liten grad påverka av utbygginga. Utbygginga kjem i noko konflikt med den gamle ferdelsesvegen frå bygda til stølsområda. Ferdelsesvegen har middels verdi som kulturminne. Kraftverket har liten negativ konsekvens for kulturminne og kulturmiljø, og vil ikkje bidra vesentleg til den samla belastninga på fagfeltet i regionen.

Avbøtande tiltak sitat side 93 i søknaden.

Minstevassføring

Det vil bli slept minstevassføring frå terskelen i Storevatnet (alternativ 1), terskelen i Dalevatnet (begge alternativ) og inntaket i Støylselva (begge alternativ). Minstevassføringa er sett lik 5-persentilen for sommar/vinter for terskelen i Storevatnet og inntaket Støylselva. 5-persentilen er den vassføringa som overskridast i 95 % av tida i løpet av ein måleperiode (vanlegvis 30 år). Vassføringa på toppen av Gjengedalsfossen skal om sommaren aldri vere lågare enn 5-persentilen. Dette skal regulerast ved at det sleppast minst 1 m³/s over terskelen i Dalevatnet. Dette gjeld ikkje i periodar kor det naturlege tilsiget er under 1 m³/s. Om vinteren vil minstevassføringsleppet svare til 5-persentilen. Minstevassføring er viktig for å redusere negative konsekvensar for mellom anna biologisk mangfald (inkludert fisk), landskap og friluftsliv.

I tillegg er det foreslått: å installere omløpsventil i kraftstasjonen som kan opnast automatisk ved uventa utfall i kraftverket, å legge til rette for gyteområde i avløpskanalen frå kraftstasjonen, at vasstanden i begge vatna i perioden mellom 15. mai og 15. juli av omsyn til hekkande storlom ikkje skal vere utanfor grensene til høgste regulerte vasstand (HRV) og HRV – 30 cm, at betongtersklane vert plastra med naturstein og at det vert tilrettelagt for parkering med utsiktspunkt på massdeponiet ved tunnelpåhogg alternativ A.

5. Andre sitt syn på saka (kraftverket og kraftlinja)

Gloppen kommune, kommunestyret 07.04.2014, sak 25/14.

Gloppen kommunestyre har ikkje vesentlege merknader til konsesjonssøknaden frå SFE Produksjon AS for Gjengedal kraftverk. Kommunestyret vil likevel påpeike at tunnelmassane representerer ein stor verdi som må kunne nyttast av grunneigarar og andre til ålmennyttige føremål i området så langt det er praktisk mogeleg. Tunneltippane må leggjast slik at dei visuelle ulempene blir små.

1. Når det gjeld konsesjonssøknaden frå SFE Nett AS om konsesjon for utbygging av 132 kv kraftleidning frå Gjengedal kraftverk til Storebru/Agledal, er kommunestyret opptekne av konsekvensane for landskap og naturmangfald. Derfor føreset kommunestyret at SFE Nett AS held fram samarbeidet med grunneigarane og kommunen slik at utbyggar tek

- maksimalt omsyn til arealmessig negative konsekvensar og visuell utforming.
2. Kommunestyret ber vidare om forhandlingar med SFE for å kome fram til semje om utbyggingsavtale og kva konsesjonsvilkår som skal knyttast til søknaden, som ålmenn erstatning til lokalsamfunnet for verknaden av naturinngrep.
- Kommunestyret føreset at forhandlingane er avslutta før høyringsfristen går ut. Formannskapet får fullmakt til å godkjenne resultatet av forhandlingane.
3. Med heimel i vassdragsreguleringslova § 12, nr 17 ber kommunestyret om at NVE knyter følgjande vilkår til konsesjonen:
- Det blir oppretta eit næringsfond på 20 millionar kroner som blir stilt til disposisjon for Gloppen kommune
 - Utbygger må gjere avbøtande tiltak i høve til vassforsyning og fiskebestand m.m. som følgje av eventuelle negative konsekvensar med utbygginga
4. Viss kommunen og SFE mot formodning ikkje blir samde om utbyggingsavtale og konsesjonsvilkår, føreset kommunestyret at NVE sikrar at det blir knytt vilkår til konsesjonen som ivaretek kommunen og ålmenta sine interesser i samsvar med pkt 3 i vedtaket
5. På vilkåra nemnd over tilrår Gloppen kommunestyre at søknaden frå SFE Produksjon AS for utbygging av Gjengedal kraftverk og søknaden frå SFE Nett AS om konsesjon for utbygging av 132 kv kraftledning frå Gjengedal kraftverk til Storebru/Agledal, blir godkjende.

Gloppen kommune har i ein eigen uttale teke opp problemstillingar knytt til finansiering av nye nettanlegg i område med store vasskraftressursar. I uttalen er det peika på uheldige utslag for distrikta der nye prosjekt skal byggast ut, ved at kostnadene til nødvendige nettanlegg i stor grad må dekkast lokalt/regionalt. Dette til tross for at ny fornybar energi vert bygt ut i tråd med nasjonale mål. Det er sett fram krav om at NVE og regjeringa får til ordningar som jamnar ut kostnadene. Fylkeskommunen har fått kopi av brev til Olje- og energidepartementet 10.04.14.

Flora kommune, bystyret 03.06.2014. (kraftlinja)

E-post frå Flora kommune 24.04.2014:

Flora kommune har fått utsett uttalefrist til 4.juni. Dette fordi kommunen ønsker alle nabouttaler på bordet før ein gjer si tilråding. Flora bystyre skal ha denne saka opp til handsaming 3.juni.

6. Fylkesrådmannen si vurdering – fordelar og ulemper – avbøtande tiltak (kraftverket)

Fordelane ved tiltaket er først og fremst av økonomisk karakter og knytt til ein energiproduksjon på 152 GWh/år. Kraftverket vil bidra til lokalt og regionalt næringsgrunnlag og skatteinntekter. Planlagt investering er 535 mill kroner (inkl. kostnadsdel i linja Gjengedal-Storebru: 62 mill. kr). Utbyggingsprisen er berekna til 3,50 kr/kWh som er under middels pris. Ulempene vil vere knytt til skade og inngrep for m.a. landskap og friluftsliv i samband med bygging av tersklar og inntak, vassveg i fjell med inntaksarrangement, tverrslag, vegar til tersklar og inntak, fleire massedeponi og redusert vassføring i Støylselva og Slettelva/Aastøylselva/Gjengedalselva med Gjengedalsfossen.

Vassforskrifta

Tiltaket bør ikkje svekke den økologiske statusen i vassførekomsten til dårlegare enn god. Dersom tilstanden vert vurdert til dårlegare enn god, må vilkåra i § 12 i vassforskrifta følgjast opp.

Landskap, friluftsliv og reiseliv

Det er planlagt terskel i Storevatnet og terskel og inntak i Dalevatnet. Begge vatna skal regulerast innanfor naturleg vasstandsvariasjonen. Dei nye fysiske tiltaka vil bli moderate i skala og vil ikkje skilje seg spesielt ut samanlikna med eksisterande vegar og hyttefelt. Det er ikkje venta endringar for istilhøva med overvatn som kan skape problem for skigåing på vatna. Dei planlagde tiltaka vil truleg ikkje gjere området mindre attraktivt for friluftsliv.

Støylselva og hovudelva med Gjengedalsfossen vil få redusert vassføring. Elvane er ikkje så godt synlege frå der folk ferdast mest, og redusert vassføring vil i moderat grad påverke landskapsbildet. Unntaket frå dette er området der Slettelva går forbi Åstøylen.

Vegen frå Dalheim til inntaket i Støylselva (1,3 km) er den delen av tiltaket som truleg vil bli mest synleg i lokalt. I dette området er det ikkje inngrep frå før. Her er det viktig å tilbakeføre mest mogeleg av aktuelle inngrep til naturleg terreng.

For tilkomsttunnel alt. A er det planlagt omlegging av eksisterande veg ved påhogget til tunnelen. På sørsida av vegen vil det bli lagt eit deponi og ca. 120 meter av vegen vil bli flytta ut på dette. Det skal opparbeidast parkeringsplass og utsiktspunkt. Dette er eit positiv tiltak med tanke på friluftsliv og reiseliv.

Automatisk freda kulturminne

Tiltakshavar si undersøkingsplikt § 9 i lov om kulturminne, er gjennomført i areala som har samanheng med tiltaka til kraftverket, og det er såleis grunnlag for vurderingar om tiltaka har konsekvensar for denne typen kulturminne. Det er ikkje merknader til opplysningane vedrørande denne typen kulturminne i konsesjonssøknaden.

Kulturminne frå nyare tid

Dersom viktige og markerte kulturminne frå nyare tid, etter år 1537, vert direkte eller indirekte råka av planlagde tiltak, må tiltaka justerast på ein slik måte at kulturminna kan takast vare på. Det må ikkje gjerast skade på kulturlandskapselement som geiler, vegar, steingardar, bakkereiner, bygningar eller andre synelege spor etter tidlegare landbruksaktivitet i området. Gamle ræser og vegar er også kulturminne og viktige element i landskapet.

Det har vore gards- og stølsdrift i området i fleire hundre år, og i Riksantikvaren sitt SEFRAK-register er det oppført fleire titals bygningar. Mange av husa/ ruinane er knytt til gards- og stølsdrift. Mellom anna er mange av bygningane på Gjengedalsstølen registrert. Gjengedalsstølen er i tillegg registrert som typeområde og eit viktig stølsmiljø og kulturlandskap i Gloppen kommune.

Eit gammalt vegfar blir kryssa av ny anleggsveg fram til tverrslaget og terskelen i Støylselva. Vidare blir fleire utmarksminne frå nyare tid i grenda Gjengedal fysisk øydelagde i området der tunellpåhogg alternativ B er planlagt. Også nokre utmarksminne i deponiområdet til påhogg alternativ A blir fysisk øydelagde. Utkanten av bakkelandskapet på Gjengedal vil bli endra, ved plassering av deponi og planering til jordbruksmark. Vi er usamde med tiltakshavar si vurdering i forhold til om tiltaket har konsekvensar for kulturminne.

Sumverknadar

Fylkesrådmannen meiner at Gjengedal kraftverk slik det er planlagt, ikkje vil bryte spesielt med interesser knytt til m.a. landskap, friluftsliv, reiseliv og kulturminne. Det er tidlegare gjennomført mange kraftutbyggings prosjekt i Hyen-området og i Gloppen kommune, og det er planar om fleire. Presset på desse verdiane er difor aukande. Fylkesrådmannen meiner at Gjengedal kraftverk slik det er planlagt, er akseptabelt vurdert ut frå både ein lokal og regional samanheng.

Samla vurdering

Tiltaksområdet ligg nær opp til Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde og store deler av nedbørsfeltet ligg innafor grensene til dette. I verneforskriftene er det opna for regulering av Storevatnet innafor øvre og nedre naturlege vass-standsnivå. Utbyggingsforslaget som er framlagt, er tilpassa dette og det er vesentleg redusert i omfang samanlikna med tidlegare prosjekt i Samla plan.

Kulturlandskapet i området Gjengedal – Mjellheim og stølsområda ved Gjengedalsstølen og Åstøylen er viktige landskapsverdiar i området. Utbyggingsprosjektet er totalt sett godt tilpassa og vil ikkje bryte spesielt med desse verdiane. Redusert vassføring i elva forbi Åstøylen og vegen frå Dalheim og opp til inntaket i Støylselva er truleg dei mest synlege inngrepa. I området mellom Dalheim og Støylselva er det ikkje inngrep frå før, og fylkesrådmannen meiner at det her er viktig å tilbakeføre mest mogeleg av aktuelle inngrep til naturleg terreng. Vegen til Støylselva vil krysse eit gammalt vegfar. Det må ikkje gjerast ubøteleg skade på stølsvegen. Tiltaket vil gje 150 GWh ny kraftproduksjon og vil bety inntekter til m.a. utbyggjaren, nærområdet og kommunen.

Utjamning av nettkostnader

Gloppen kommune har i ein eigen uttale teke opp problemstillingar knytt til finansiering av nye nettanlegg i område med store vasskraftressursar (jf. brev frå kommunen til Oed 10.04.2014). I uttalen er det peika på uheldige utslag for distrikta der nye prosjekt skal byggast ut, ved at kostnadene til nødvendige nettanlegg i stor grad må dekkast lokalt/regionalt. Dette til tross for at ny fornybar energi vert bygt ut i tråd med nasjonale mål. Det er sett fram krav om at NVE og regjeringa får til ordningar som jamnar ut kostnadene. Fylkesrådmannen viser til kommunen sin uttale og støttar den på generelt grunnlag.

7. Konklusjon/tilråding (kraftverket og kraftlinja)

Fylkesrådmannen vurderer fordelane ved Gjengedal kraftverk til å vere større enn ulempene for allmenne og private interesser, og rår til at konsesjon vert gitt. Fylkesrådmannen støttar søkjaren si prioritering av alternative løysingar og forslaga om avbøtande tiltak.

Fylkesrådmannen meiner at den nye 132 kV linja med tilhøyrande anlegg er nødvendige og fornuftige tiltak og har ikkje merknader til dei overordna vurderingane og konklusjonane som er gjort i søknaden. Fylkesrådmannen støttar søkjaren si prioritering av alternative linjetrasear, trafostasjonar og koplingsstasjonar. Fylkesrådmannen viser til Gloppen kommune sin uttale om utjamning av nettkostnader og støttar den på generelt grunnlag.